



Gode tilsette i Seljord kommune

Deres ref:

Vår ref:
2020/590

Sakshandsamar:
Finn-Arild Bystrøm

Arkivkode:

Dato:
27.03.2020

Korona – Covid-19 – Status for 21-27.mars 2020

Godkjent av (x)	Rådman	x				
-----------------	--------	---	--	--	--	--

Status sjukdomsbilte for Seljord:

Det er pr 27.03.20 kl 12:00 ingen kjente tilfelle av koronasmitta i Seljord.

Kommuneoverlege Kine Jordbakke opplys om at vi framleis er i fase 0 til 1 i oversikta til høgre.

Målet er framleis å flate ut kurva på talet og når folk blir smitta, slik at helsevesenet klarar å handsame dei som blir sjuke.

Karantene og innreiseforboda, saman med hygieneråda er i den fasen vi er i no, våre beste tiltak for å klare å flate ut kurva.


De ulike fasene for covid-19 epidemien i Norge

Basert på planscenario 24. mars 2020



0	1	2	3	4	5
25.03.20 Seljord	Medio mars Nasjonalt	Mars-april Nasjonalt	Mars-april? Nasjonalt	Mai-oktober? Nasjonalt	August-Desember? Nasjonalt

HVORDAN ENKELTPERSONER KAN UTCJØRE EN STOR FORSKJELL



Våre val som individ, som gruppe, som samfunn, som nasjon har stor påverknad for spreininga og utviklinga av sjukdommen.

Mange har spørsmål om koronaviruset.

[helsenorge.no](https://www.helsenorge.no) har gode oppdaterte sider om nettopp dette.

Tips til foreldre, svar på spørsmål rundt karantene og isolasjon med meir.





Veka oppsummert:

Beredskapsleiinga

Beredskapsleiinga møtast på kvardagar kl 08:00-09:00, og følger ein fast agenda som sikrar oss oversikt og ein historikk for kva som er gått gjennom siste døgn.

Vi er inne i en noko roligere periode sett opp mot førebuing og tiltak. Dette kan fort endre seg, så vi held framleis beredskapsleiing inn i neste veke

Agendapunkt

1.Situasjonsbilde

2.Mediebilete og budskap

3. Tiltak som er satt i verk

4.Forventa utvikling

5.Tiltak som er satt i verk/
Beslutningar som må takas

Refleksjonspunkt

• **Kva har skjedd sidan sist møte?**

- Kor? Når? Kven?
- Utvikling av situasjonen (skilje mellom verifisert og uverifisert informasjon),
- Beskriv nåverande kritiske utfordringar.

• **Status mediebilete**

- Bruk av kommunikasjonskanalar, budskap, kommunikasjons-utfordringar.
- Behov for kommunikasjonsressursar

• **Rapportering på oppgaver**

- Kva for beredskapstiltak er satt i verk?
- Kva for beredskapsorganisasjon er etablert? Kva for resurs er tilgjengelige?

• **Kva kan vi forvente oss neste døgn – neste to døgn?**

- Kva for konsekvens kan situasjonen få for liv/helse,
- Kritisk infrastruktur/kritiske samfunnsfunksjonar, miljø, sosial uro, økonomi etc.

• **Nye arbeidsoppgaver som skal gjerast**

- Omtale og vurdering av nye tiltak, inkludert beskriving av konsekvensar ved ikkje
- Behov for samordning og koordinering, ressursbehov, behov for bistand frå/på o

Tillitsvalte

Det har våre to møte med tillitsvalte og vernetenesta. 12 og 26. mars.

På sist møte vart vi einige om å ha eit statusmøte kvar torsdag kl 10:30

Folkevalte

Formannskapet ble gjennomført på nett 17.03.20

Kommunestyre ble gjennomført på nett 26.03.20

Det blir eit ekstra formannskapsmøte på nett 02.04.20



Dette er kvardagen for ein del, om du jobbar i administrasjonen, som lærar eller ut mot pasientar.

Frå januar til no straks april har ikkje berre vi, men heile Noreg tatt eit digitalt kjempesprang. Og det gjeng i det store veldig bra.



Rådmannen har ordet

Alt i denne situasjonen er nytt og sett oss på forskjellige prøvar. Vi har takla dei etter kvart som dei har dukka opp.

Framover kjem det fleire, og eg har klokke tru på at vi klarar dei også. Eg er verkelg stolt av alle som hiv seg rundt, finn løysingar, strekkjer seg langt for å få ting til å gå i hop og samstundes klarar å halde fokus på å levere tenester.


Dokker er makelause i korleis dykk alle har takla koronaomstillinga.

Hvordan bli hjemme

- En veileder i to enkle trinn

1. Gå inn i ditt hus eller leilighet
Om du allerede er hjemme gå direkte til punkt 2.

2. Bli der



Nyttige sider med oppdatert informasjon

Alt skjer fort og vi klarar ikkje å halde alle oppdatert på alt til ein kvar tid. Alle blir oppmodar til å følgje med og oppdatera seg på utviklinga via:

- Folkehelseinstituttet, www.fhi.no
- Helse Noreg, www.helsenorge.no
- Sentrale mediehus i Noreg, for eksempel NRK
- Seljord kommune, www.seljord.kommune.no

Vanar som førebyggjer smitte



Papirlømmetørkle
framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lømmetørkleet etterpå. Vask så hendene.



Bruk olbogekroken
når du må hoste eller nyse og ikke har papirlømmetørkle tilgjengelig.



Vask hendene
ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.



Handdesinfeksjon
med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.



Mvh
Finn-Arild Bystrøm
Rådmann